



ALLTID BEREDT

Referat frå styremøte i Ryvarden krets av NSF

Tid:	Sundag 1. september 2024 kl.20.00
Stad:	Digitalt på Google Meet
Tilstades:	Marius Johannessen, Anna Tveit, Jakob Løve Rud, Øyvind Gulliksen, Harald-Andreas Hansen(vara), Magnus Molland (vara)
Frå adm.:	Hildegunn L. Fjelland
Andre	Mathilde Matre Aronsen (frå festivalleirkomiteen)
Forfall:	Magnus M. Aronsen, Karoline J. Midtlid (vara)
Referent:	Hildegunn L. Fjelland

Kretsleiar leia styremøte.

Saksliste

RK-sak 15/2024	Godkjenning av innkalling og saksliste
RK-sak 16/2024	Godkjenning av referat frå styremøte 11.januar 2024
RK-sak 17/2024	Rekneskapsrapport
RK-sak 18/2024	Statusrapport
RK-sak 19/2024	Evaluering av festivalleir
RK-sak 20/2024	Arrangement hausten 2024
RK-sak 21/2024	Høyringsutkast – ny strategisk plan for 2025-2030 og arbeidsplan 2025-2026 for NSF.
	Eventuelt

RK-sak 15/2024: Godkjenning av innkalling og saksliste

Ingen merknader til referatet.

VEDTAK: Innkalling og saksliste vert godkjent med merkningen over.

RK-sak 16/2024: Godkjenning av referat frå styremøte 8. april 2024

Ingen merknadar til referatet.

VEDTAK: Referatet frå styremøtet 8. april 2024 vert godkjent.

RK-sak 17/2024: Rekneskapsrapport

Kretsleiar presenterte rekneskapsrapporten for perioden april-juli.

Ingen store avvik i forhold til budsjettet.

VEDTAK: Kretsstyret tek rekneskapsrapporten til orientering.

RK-sak 18/2024: Statusrapport

Festivalleirkomiteen arrangerte festvalleir på Lier 31.mai-2.juni. Det var 113 deltakarar. Søreide speidargruppe frå Hordaland krins deltok også. Det var ei vellukka og kjekk helg!

VEDTAK: Kretsstyret tek statusrapporten til orientering.

RK-sak 19/2024: Evaluering av Festivalleir

Under evaluering av festivalleiren deltok Mathilde M. Aronsen frå festivalleirkomiteen i møtet.

Leirkomiteen opplevde til tider festivalleiren som litt kaotisk, då leirsjefen plutselig ikkje kunne delta likevel. Dei syntes likevel at leiren vart fint gjennomført. Dei hadde inntrykk av, og me har fått tilbakemeldingar om at speidarane koste seg og hadde ei fin helg. Det er det viktigaste! Det var ei passeleg blanding av aktivitetar/organisert opplegg og fritid.

Budsjett/rekneskap: Leiren gjekk godt i overskot med ca.14 000kr.

Nokre ting å tenke på til neste gong:

- Planlegge litt betre på forhånd og sikre at alle i leirkomiteen har god kontroll på opplegget. Gjerne ha ein viseleirsjef og ein plan B.
- Planar og informasjon kan vere meir skriftleg og tilgjengeleg for alle i komiteen.
- Ha eit godt gjennomtenkt tema. Tenke over at det skal vere lett å lage kostymer, leirområde og aktivitetar relatert til tema.

VEDTAK: Kretsstyret tek evalueringa av festivalleiren til orientering.

RK-sak 13/2024: Arrangement hausten 2024

- Røvertur - Eit par roverar i kretsen ynskjer å arrangere ein roveropptakstur/røvertur for roverane i kretsen. Dei er i planleggingsfasen, men har funne ei potensiell helg: 25.-27. oktober.
- Kretsens helg – Utval speiding er i dialog om eit opplegg for kretsens helg. Det blir mest sannsynleg ikkje den helga som er satt opp i terminlista. Utval speiding kjem tilbake til oss med meir info.

- Dugnad på Hedleitun – Dugnaden er satt opp i oktober, men eksakt dato er ikkje avklart enda. Hildegunn tar kontakt med hyttevertane.
- Julemøte – Marius og Anna er hovudansvarleg for gjennomføringa.

VEDTAK: Kretsstyret held fram med å følge opp kretsens arrangement.

RK-sak 21/2024: Høyringsutkast – ny strategisk plan for 2025-2030 og arbeidsplan 2025-2026 for NSF

Kretsen har fått tilsendt eit høyringsutkast for NSF sin nye strategiske plan for 2025-2030 og arbeidsplanen for 2025-2026. NSF ynskjer at kretsane skal gå gjennom høyringsutkastet og eventuelt gi tilbakemeldingar til forbundet.

Kretsstyrets medlemmar har gått gjennom høyringsutkastet. Ingen har tilbakemeldingar til forbundet.

VEDTAK: Kretssekretær gir tilbakemelding om at høyringsutkastet ser ok ut.

Eventuelt

- Det har kome spørsmål til kretsstyret om det er mogleg å få økonomisk stønad til roveropptakstur. Kretsstyret er veldig positive til å støtte dette og det er satt av pengar i budsjettet, men styret ynskjer å sjå eit budsjett frå arrangørane. Marius gir tilbakemelding om dette.
- Buaspeidarane ynskjer å vere teknisk arrangør for kretstingets årsmøte 2025.